

FIL 1002 – Innføring i erkjenningssteori og vitenskapsfilosofi
Haust 2020
Onsdag 2. desember kl. 9.00 (4 timar)

Oppgavesettet består av 2 sider

Denne eksamenen består av to hovuddelar. Du skal svare på i alt *fire* oppgåver, *to* frå Del I og *to* frå Del II. Alle oppgåvene tel like mykje. Kvar enkelt oppgåve må kunne vurderast til ein ståkarakter for å bestå eksamen.

Del I: Epistemologi

Oppgåve #1:

However obvious and undeniable it might be that we often do know that we are not dreaming, I think this straightforward response to Descartes's challenge is a total failure. (Stroud, Barry, 1985. «The Problem of the External World», i *The Significance of Philosophical Scepticism*, Oxford University Press, s. 20.)

Forklar kvifor Stroud avviser ein likefram («straightforward») respons til utfordringa frå Descartes. Er resonnementet hans overtydande? Finn du grunnlag for ein rimeleg kunnskapsteoretisk respons til utfordringa frå skeptikaren hos andre filosofar vi har lese, til dømes Alvin Goldman, Catherine Elgin, Linda Zagzebski eller Gail Stine?

Oppgåve #2:

Kva kjenneteiknar ei naturalistisk tilnærming til kunnskapsteori, og kva taler for ei slik tilnærming? Kva meiner du er den viktigaste utfordringa ein naturalistisk kunnskapsteori står overfor? Kan utfordringa handsamast på overtydande vis? Gjer bruk av relevante tekster frå pensum i diskusjonen.

Oppgåve #3:

Forklar kva eit Gettier-problem er. Kva for epistemologiske lærdomar meiner du vi kan trekke frå slike problem? Bruk argument frå pensum i diskusjonen.

Del II. Vitenskapsfilosofi

Oppgåve #4

Ideen om feministisk vitenskap («feminist science») er tema for artikkelen «Can There Be a Feminist Science?» (1987), av Helen Longino. Kva for vitenskapsteoretiske innvendingar kan rettast mot ideen om feministisk vitenskap? Korleis kan ein forsvare ideen? Drøft dei viktigaste argumenta til Longino. Trekk òg inn argumentasjonen til Elizabeth Anderson, i artikkelen «Knowledge, Human Interests, and Objectivity in Feminist Epistemology» (1995).

Oppgåve #5.

I artikkelen «Objectivity, Value Judgment, and Theory Choice» (1977) diskuterer Thomas Kuhn korleis vi bør forstå valet forskarar gjer mellom konkurrerande vitskaplege teoriar. Han skriv:

I am suggesting, of course, that the criteria of choice with which I began function not as rules, which determine choice, but as values, which influence it. (Kuhn 1977: 331)

Kva legg Kuhn i denne kontrasten mellom reglar og verdiar? Korleis forsvarar Kuhn synet sitt på teorival mot klaga om at det undergrev vitskapens objektivitet?

Oppgåve #6

Et omdiskutert tema er forholdet mellom vitskapsfilosofi, på ei side, og empiriske studiar av vitskap, på den andre. Kva kan stå på spel i den diskusjonen? Kva meiner du er ei rimeleg forståing av forholdet? Relevante referansar i drøftinga kan blant andre vere logisk empirisme, Quine (1969), Longino (2001), Haslanger (1999).